

# Mandat til TU Perioden 2021-2024

Denne skal reviderast kvart år, og vedtas på nytt i 2024.

Ved dette dokumentet gir Generalforsamling ved Studentunionen Høyskolen Kristiania, landskonferansen myndigheit til å velje nytt sentralstyre.

Hovudstyret i Studentunionen skal leggje til rette for ein fusjonering mellom Studentunionen Oslo og Bergen. Det gis representativ tillit for at tillitsvalte skal finne ein måte å omorganisere Studentunionen på ein slik måte at organisasjonen kan jobbe effektiv, og dei valte har legitimitet.

Bergen og Oslo sine tillitsvalte skal ha moglegheit og rett på lik kvalitet av kursing for å kjempe for studentanes politiske og faglige rettar. Hovudstyret i Oslo og Bergen skal arrangere landskonferansen på ein bestemt stad og leggje opp til eit kvalitetssikra kurs med både interne og eksterne kurshaldarar. Det skal bli bevilga prosjektmidlar til dette, men hovudutgifta skal bli finansiert eksternt.

Generalforsamlinga oppførde til at denne landskonferansen også velger Sentralstyret, om ikkje ein annan fornuftig måte blir gjennomført. Sentralstyret skal bestå av representantar frå Bergen og Oslo. Landskonferansen bestemmer hvilken og kor mange som skal sitte i Sentralstyret. Det etterstrebes å vere like mange i dette styret frå Bergen og Oslo.

Sentralstyret skal fungere som støtteorgan til lokale styrer. Lokale vedtekter er fortsatt gjeldande. Sentralstyret skal vurdere å setje inn eigne nasjonale vedtekter om det blir naturleg, då skal Generalforsamlinga vedta om lokalevedtekter kan overskride dei nasjonale, eller motsett. Foreløpig om det dukkar opp utfordringar ved denne organisasjonen skal ei samanslåing av kontrollkomiteen Bergen og Oslo fungere som nasjonal kontrollkomité.